


KULTURPOSTEN

JUNI 2018

Informasjonsskriv frå kulturadministrasjonen i Radøy kommune



Husorkesteret på kultur- og idrettsgallaen under leiing av Thorgeir Thunesvedt.



RADØY
den grønne øya

Rullering av handlingsprogram i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø vart vedtatt i 2016. Denne planen legg føringar for kommunen sine satsingar innan idrett, friluftsliv og nærmiljø, og er i tillegg styrande for korleis kommunen skal prioritera innkomne søknader om spelemidlar. Handlingsplanen skal rullerast årleg. I forkant av denne rulleringa ber me om innspel til handlingsplanen.

Innspel til handlingsplanen kan sendast Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post til postmottak@radoy.kommune.no innan 15. juni.

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø kan lesast her:

<http://www.radoy.kommune.no/planar-og-styringsdokument-a-a.315712.nn.html>

Handlingsplanen etter rulleringa i 2017 kan lesast her: http://innsyn.sing.no/Radoy/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2017010233&



**Kommunedelplan for
idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026
- ALLE I AKTIVITET!**



Vedtatt i kommunestyret i Radøy kommune 3. mars 2016

Hugs å bruka kulturkalenderen!

Ved å ta i bruk kulturkalenderen på kommunen sine nettsider kan ein unngå uheldige kollisjonar mellom arrangement. Hugs å leggja dine arrangement inn i kulturkalenderen på Radøy kommune sine nettsider så snart du veit tidspunktet for arrangementet! Opplysningar om arrangementa kan leggjast til eller endrast seinare.

Slik gjer du det:

1. Gå til www.radoy.kommune.no og trykk på "Sjå kalender for heile Nordhordland".
2. Trykk på Registrer arrangement.
3. Fyll ut skjemaet og trykk på send.

Har du spørsmål eller treng du hjelp, kontakt Bente K. Hervik på tlf. 56 34 90 12 eller e-post bente.hervik@radoy.kommune.no .

Aktuelle tilskotsordningar

Aktuelle tilskotsordningar i Radøy kommune:

Midlar til tilrettelegging av turstiar

I budsjettet for 2018 er det sett av midlar til tilrettelegging av turstiar. Lag og organisasjonar og privatpersonar som ynskjer å tilretteleggja ein eller fleire turstiar i Radøy kommune kan ta kontakt med Bente K. Hervik på tlf. 56 34 90 12 eller på e-post bente.hervik@radoy.kommune.no.

Leiaropplæring (Radøy kommune)

Det kan gjevast støtte til lag og organisasjonar til å dekkja utgifter til relevante kurs for leiarar, styremedlemer, trenarar og instruktørar i laget. Med relevante kurs meiner ein at kurset skal ha tilbakeføringsverdi til laget. Søknadsfrist heile året.

For meir informasjon sjå www.radoy.kommune.no/kulturmidlar, evt ta kontakt med bente.hervik@radoy.kommune.no eller på tlf. 56 34 90 12.

Prosjekt- og aktivitetsstøtte (Radøy kommune)

Tilskot kan gjevast til opne kulturarrangement og -prosjekt, og til innkjøp av utstyr. Arrangement og prosjekt som er nyskapande vert prioriterte. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som underskotsgaranti eller direkte tilskot. Søknadsfrist heile året.

For meir informasjon og søknadsskjema sjå www.radoy.kommune.no/kulturmidlar, evt ta kontakt med bente.hervik@radoy.kommune.no eller på tlf. 56 34 90 12.

Andre

Gjensidigestiftelsen

Gjensidigestiftelsen deler ut midlar til lag og organisasjonar som er registrerte i Brønnøysundsregisteret. Dei støtter tiltak innanfor meistring, tryggleik og læring, sosial inkludering og mangfald, fysisk aktivitet og kosthand. Søknadsfrist er 15. september. Les meir på: <http://www.gjensidigestiftelsen.no/>

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune si tilskotsordning «Tilskot til kulturtiltak – amatør» og «Tilskot til kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell» har søknadsfrist 1. september. Les meir om desse og andre tilskotsordningar på <http://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/>.

Statsskogmillionen

Statsskog har oppretta ei støtteordning som går til friluftsliv og tiltak i naturen. Søknadsperioden er 1.-30. august. Les meir på: <https://statsskogmillionen.no/>

Kulturprisen 2018

Radøy kommune sin kulturpris for 2018 vart delt ut på kultur- og idrettsgallaen i Radøyhallen 29. april. Årets pris vart tildelt Olav Steinar Namtvedt. Han fekk prisen for stor frivillig innsats gjennom mange år i mange ulike organisasjonar, men ikkje minst innanfor idretten som lagleiar, trenar, og styremedlem og leiar.

Prisen var eit måleri av Arve Håland.



Kulturprismottakaren flankert av Steffen Vestheim Sævdal og ordførar Jon Askeland.

Idrettsprisen 2018

Radøy kommune sin idrettspris for 2018 vart delt ut på kultur- og idrettsgallaen i Radøyhallen 29. april. Prisen gjekk til Martin Soltveit for hans innsats for skyttarlaget gjennom mange år.

Prisen var eit gåvekort og eit diplom.



Prismottakar Martin Soltveit (t.h.) saman med prisutdelar Tommy Urhaug.

Stipend frå Cato Plettens minnefond

Cato Plettens minnefond deler ut stipend til talentfulle utøvarar innan kulturaktivitetane som finst i Radøy kommune. Årets stipend frå Cato Plettens minnefond gjekk til Preben Friis Thomassen som har gjort seg bemerkta innan både dans, turn, svømming og fotball.



Preben Friis Thomassen (t.h.) saman med foreldra til Cato Pletten, Reidun og Helge Pletten.

